

Pressemelding

«Næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapvernområde»

Bilde

Bakgrunn for prosjektet

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart i 2009 vedtatt verna gjennom kongeleg resolusjon i statsråd. Arbeidet med vern av området dekker 394 kvadratkilometer i Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde, hadde utgangspunkt i landsplanen for nasjonalparkar og andre store verneområde i Noreg, som Stortinget vedtok i 1993. Formelt blei arbeidet sett i gang i 1998, og skjedde i samarbeid mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen. Det blei såleis utarbeidd eit verneframlegg for dei sentrale delane av området etter naturvernlova, og ein fylkesdelplan etter plan- og bygningslova for stølsdalane rundt.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde femnar om både lågland med stølsdalar, vakker vassdragsnatur, rike myr- og deltaområde, og fjellområde med brear. Her finn ein det største urørte villmarksarealet i ytre del av Sogn og Fjordane, og Naustdal-Gjengedal

Forvaltingsplan for området skal på høyring i 2012. 10 mill. kroner er sett av til eit næringsfond i dei berørte kommunane, slik at vernet kan bidra til ei positiv utvikling lokalt. Forvaltingsmynde etter verneforskrifta er overført til kommunane.

Organisering

Styringsgruppa er;

- Ole Gimmestad (Gloppen) leiar
- Gudmund Eimhjellen (Naustdal)
- Rune Botnen (Førde)
- Lars Indrebø (Førde)
- Ole B Årdal (Jølster)
- Nils Magne Gjengdal (Gloppen) nestleiar

Desse personane har vore sentrale i verneprosessen og representerer dei ulike grunneigarlaga/interessene i området for alle dei 4 kommunane.

Føremål og mandat for styringsgruppa

- Koordinere og vere pådrivar av felles næringsutviklingsarbeid i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde og omegn.

- Arbeidet skal og vere med å styrkje dei ulike ideane og tiltaka som alt er sett i gang av lokale utviklingsprosjekt.
- Styringsgruppa er slik samansett for å best mogleg representere grunneigarane og deira sine interesser i område.
- Gruppa skal søkje om midlar, gjennomføre eit forstudie (moglegheitsstudie) som grunnlag for vidare satsing og vidareføring av forprosjekt/hovudprosjekt for å styrkje næringsaktiviteten i området.

Mål

Forstudiet skal opne breidt og hente inn impulsar og idear for kva som kan ha potensial av idear til å bli eit næringsretta utviklingsprosjekt.

- Innspel frå bygdelag/grunneigarlag/beitelag/andre i område (opne møter og invitasjon til innspel via ulike media)
- Erfaring frå andre tiltak regionalt/nasjonalt/internasjonalt.
- Vurdere innspel/tiltak utfrå:
 - Ynskje frå grunneigarane sitt næringsperspektiv i landbruket
 - Særmerkte ressursar i området (natur- og kulturlandskap)
 - Tilgjengelege ressursar i prosjektet (menneskeleg og økonomiske ressursar)
 - Kva som er realistisk og kva som mogent og mogleg (strategisk vurdering ut frå motivasjon/eigarskap/ressursar)
 - Resultatet av forstudiet skal gje svar på om det er grunnlag for å gå vidare med nokon av ideane.

Gjennomføring, tidplan

Tre månader er truleg ein minimumstid for forstudiet, då det er viktig å få ein god prosess og ei god forankring hos deltakande partar. Styringsgruppa meiner og at det er viktig å kome i gang med forstudiet og kartlegging av moglege utviklingstiltak parallelt med forvaltningsplanen som skal ut på høyring. Då kan ein kome med innspel om tiltak til forvaltningsplanen.

Innspel til prosjektet kan rettast til leiar i styringsgruppa Ole Gimmestad eller sekretariatet som er Agro Business Park (ABP) ved Sigmund Vereide sariv@online.no eller tlf. nr. 900 70 848.